

Stangvik Historielag arrangerer busstur til Sagelva vasskraftsenter

som ligg nederst i Brøstdalen, litt vest for Bjorli, **torsdag 29. mai (Kristi himmelfartsdag)**.

Bussen startar frå Røkkum ca kl 08.40, (ferja frå Kvanne kl 08.30) og høve til påstigning undervegs i Ålvundfjorden, ved Idrettsplassen på Ålvundeidet og på Sunndalsøra.

Turen går vidare om Eidsvågen, over Vistdalsheia til Åndalsnes, opp Romsdalen til Brøstdalen.

Sagelva vasskraftsenter vert no dreve av Brøste-Stueflotten Kulturlag, og staden har historie heilt tilbake til 1700-talet da det var oppgangssag og kvern ved fossen . Restaureringsarbeidet tok til i 1999, og senteret «huser» no *oppgangssag, sirkelsag, kvern, tjærebrenneri og vadmelsstampe, samt eit moderne minikraftverk*. Kulturlaget har fått pris både frå Rauma og Lesja kommuner for restaureringsarbeidet dei har lagt ned ved senteret.

Etter omvisninga på vasskraftsenteret kjører vi vidare til Dombås, der det blir stopp med felles middag på «Trollstua».

Frå Dombås går turen over Dovre til Oppdal, med stopp og omvisning på Bygdemuseet, før vi fortsett ned Gråora, om Sunndalsøra og til Røkkum.

Pris på turen er fastsett til kr 450,- for medlemmer og kr 550,- for ikkje-medlemmer. Prisen inkluderer skyss, omvisning med kaffe og bakels på Vasskraftsenteret, samt middag (med kaffe og dessert) på Trollstua, Dombås.

Bindende påmelding innan 18. mai til Einar Grønnes tlf 91894944, eller Marit Haugen tlf 48049218. Det er fint om dere da og seier frå kvar dere vil gå på bussen!

Stangvik Historielag